

LANDBRUKSPLAN FOR NORDDAL KOMMUNE 2006 - 2009



Vedteken i kommunestyret 08.03.2007

Innhald

Føreord	
Innleiing	4
1.1 Bakgrunn og formål med landbruksplanen	4
1.2 Arbeidet med landbruksplanen i Norddal kommune	4
1.3 Rullering av planen	4
2.0 Status for Norddal kommune	5
2.1 Generell skildring	5
2.2 Areal- og landbruksressursar	6
2.3 Bruksstruktur og sysselsetting	10
2.4 Produksjonsomfang i tradisjonelt landbruk	10
2.5 Tilleggsnæringar	13
2.6 Kulturlandskap	14
2.7 Landbruket sine lokale organisasjonar	14
2.8 Kommunen som landbruksmyndigheit	14
3.0 Målsettingar for landbruket	15
3.1 Nasjonale og internasjonale mål	15
3.2 Regionale mål	16
3.3 Norddal kommune sine mål	17
4.0 utfordringar innan landbruket	17
4.1 Generelle utfordringar	17
4.2 Jordvern/arealbruk	18
4.3 Rekruttering	19
4.4 Samarbeids- og kompetansehevande tiltak	19
4.5 Kulturlandskap	19
4.6 Tilleggsnæringar og næringsutvikling i verna områder	19
4.7 Skogbruk	20
5.0 Handlingsplan med konkrete tiltak	21
5.1 Busetting i kommunen	21
5.2 Klassifisering og vern av landbruksareal/kulturlandskapet	21
5.3 Rekruttering	22
5.4 Samarbeid	23
5.5 Frukt og bær	24
5.6 Næring i verna områder/ vidareutvikling av tilleggsnæringar	25
5.7 Skogbruk og andre utmarksnæringar	25
5.8 Energi	27
5.9 Auke økologisk landbruk til 15 %	27

Føreord

Kommunane har fått auka mynde innan ulike sektorar, også landbruksområdet. Kommunane har ei viktig rolle ved utforminga av ein lokal landbrukspolitikk. Denne planen er eit ledd i å systematisere og tydeleggjere kva rolle Norddal kommune ønskjer å spele i utviklinga av landbruksnæringa i kommunen.

Innovasjon Noreg i Møre og Romsdal sin konklusjon i 2005 basert på dei store søknadssummane frå landbruket, er at landbruksnæringa har tru på og satsar på ei framtid innan næringa. Landbruket eksisterer, som andre næringar, i ei tid kjenneteikna av blant anna hurtige endringar og stadig nye krav frå ulike kantar. Dette er noko vi også ser innan landbruksnæringa i vår kommune. Utfordringa er å klare å møte desse krava og endringane med offensive haldningar og evne til omstilling til så vel nye næringsvegar som nye produksjonsmåtar i sektoren. Samstundes er det viktig å ta vare på kulturlandskapet og bevare landbruksareala, utan at ein hindrar ny busetnad og vidareutvikling av lokalsamfunnet.

1.0 Innleiing

1.1 Bakgrunn og formål med landbruksplanen

I Stortingsproposisjon nr 8 (1992-1993) Landbruk i utvikling, vart det anbefalt at det skulle utarbeidast tiltaksretta miljø- og ressursplanar for landbruket i den enkelte kommune. Dette er òg presisert og følgd opp i fleire stortingsmeldingar i ettertid. Jamfør intensjonane i St.meld. nr. 19 (2001-2002) "Nye oppgåver for lokaldemokratiet - regionalt og lokalt nivå" har kommunalt nivå har fått auka myndigheit innan fleire sektorar, blant anna på landbruksområdet. Målsettinga var blant anna meir regionalt og lokalt tilpassa politikk, og meir politisk aktivitet. Kommunane har såleis ei viktig rolle ved utforminga av ein lokal landbrukspolitikk innanfor rammene av den nasjonale politikken.

Landbruks- og matdepartementet anbefalar at planen vert knytta opp mot det øvrige kommunale planarbeidet, og at planen vert karakterisert og vedtatt som ein kommunedelplan. Planen vert då juridisk bindande, og ikkje berre retningsgjevande, på lik linje med andre lovpålagte delplanar. Som kommunedelplan skal planen sendast ut på høyring til fylket og andre organisasjonar som kan ha innspel til planen, samt leggjast ut til offentleg ettersyn med minst 30 dagars frist. Planen skal så behandlast i kommunestyret.

Landbruks- og matdepartementet legg vekt på at ein lokal landbruksplan er ein reiskap for å gi kommunen innsikt i landbruksnæringa sin areal- og ressursbruk. Den skal peike på utfordringar, mål og tiltak for utviklinga av landbruket i kommunen. Departementet anbefalar at fagorganisasjonane i landbruket skal involverast i planarbeidet for å sikre brei deltaking i prosessen. I Plan og bygningsloven § 20.6 står det at "Kommuneplanen skal leggjast til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen."

1.2 Arbeidet med landbruksplanen i Norddal kommune

I Norddal kommune kom initiativet til ein landbruksplan frå Valldal Bondelag, Eidsdal og Norddal Bondelag, og Norddal Bonde- og Småbrukarlag. Formannskapet vedtok i sak 20/04 at det skulle utarbeidast ein landbruksplan for Norddal kommune. Formannskapet er styringsgruppe, og det vart nedsett eit landbruksforum som skulle fungere som ei arbeidsgruppe. Næringsavdelinga er sekretariat for gruppa. Landbruksplanen skal vere ein kommunal delplan, jamfør Plan- og bygningslova.

Forumet har følgjande representantar:

Per Arne Løvoll - Leiar - Norddal kommune

Jon Kåre Løvoll - Eidsdal – Norddal Bondelag

Jostein Sande - Norddal Bonde og Småbrukarlag

Audun Skjervøy - Valldal Bondelag

Nils Jarle Hjelme - Norddal Reiselivslag

Fridjon Døving - Skogeigarlaget

1.3 Rullering av planen

Denne landbruksplanen vil gjelde frå 2006 til 2009, altså i fire år, og er ein delplan under Norddal sin overordna kommuneplan. Planen er delt i to, ein utgreiing- og statusdel med utfordringar og mål, og ein handlingsdel med konkrete tiltak. Plan og bygningslova tilseier at ein kommunedelplan skal takast opp til vurdering minst ein gong i løpet av kvar valperiode. Vil ein endre planen, blir det ei rullering. Tiltaksdelen med konkrete tiltak kan ein rullere på årsbasis, evt sjeldnare. I Norddal kommune vil ein rullere tiltaksdelen annakvart år, for å kort oppsummere og evaluere kor langt ein har kome i forhold til oppsette tiltak, gjere andre prioriteringar og eventuelt hekte på nye tiltak.

2.0 Status for Norddal kommune

Det bør nemnast at det har vore ei utfordring å finne samanliknbare tal til denne delen av landbruksplanen, spesielt knytta til areal. Tala knytta til drivhus og anna areal er ikkje med i planen fordi det vart for store feilkjelder, som fører til forvirring snarare enn til avklaring og oversikt. Tala knytt til andre grovforvekster og rotvekster er slått saman, då desse er samanslått i enkelte oversikter.

2.1 Generell skildring

Norddal kommune hadde ei befolkning på 1 817 personar 1. januar 2005. Norddal er blant dei kommunane i landet med størst nedgang i folketalet prosentvis. I 2003 kom ein på 15. plass med ein nedgang på 2,84 %. Ved framskrivingar av befolkningstilveksten ser ein at Norddal har ein negativ tilvekst. Dette betyr at talet på innbyggjarar truleg vil fortsetje å minke frå år til år. Kommunen har svært låg arbeidsløyse, samanlikna med fylket og på landsbasis. Norddal har ca 0,65 % arbeidsløyse mot 2,85 % i Møre og Romsdal og 3,3 % på landsbasis. Innbyggjarane har relativt låg bruttoinntekt samanlikna med resten av fylket og landet, kr 219.000 i Norddal, kr 243.500 i Møre og Romsdal, og kr 262.800 på landsbasis.

Sysselsatte fordelt på næring 2003. Prosent	Norddal	Møre og Romsdal	Landsbasis
Primær	23,8	12,1	11,2
Sekundær	13,7	29,3	22,6
Tertiær	62,4	58,6	66,0
Sysselsatte fordelt på sektor. 2003. Prosent			
Offentlig forvaltning	28,5	30,2	34,9
Privat sektor og offentlige foretak	71,5	69,8	64,8

Statistikken viser at primærnæringa i kommunen er relativt stor samanlikna med resten av fylket og landet. Tertiærnæringar er på nivå med fylket og landet, medan kommunen har svært lite sekundærnæring. Kommunen har vidare relativt låg sysselsetting i det offentlege samanlikna med fylket og landet, noko som blant anna kan kome av at ein ikkje har statlege og andre offentlege arbeidsplassar her.

Norddal kommune er svært prega av at ein ligg i eit område med to hovudattraksjonar på nasjonalt og internasjonalt nivå, Geirangerfjorden og Trollstigen. På ferjesambandet Eidsdal-Linge vart det frå mai 2004 til september 2004 frakta 338.877 personar. På sommartid er dette den mest trafikkerte ferjestrekninga i Noreg. Statens Veivesen registrerte 529.781 personar som besøkte Trollstigen. 403.275 er registrert å ha besøkt Geirangerfjorden. Det har vorte registrert 105.424 overnattingar på campingplassane i 2004, då er overnatting på hyttene i Tafjordfjella, og på dei ulike motella ikkje tatt med. Dette fordelar seg på 30 % nordmenn og 70 % utlendingar. Opphaldstida varierer frå nasjon til nasjon, og ut frå kva buform dei vel. Det store fleirtalet er på ei rundreise i Noreg, og 70 % overnatta kun ei natt i området. På vinterstid er vegen over Trollstigen og vegen frå Grotli via Geiranger vintersteng, og Norddal kommune vert plutselig utan denne gjennomfartstrafikk.

Kommunen er prega av eit stabilt klima, med varme somrar og kvite vintrar. Dette fører til at området er svært attraktivt for hytte- og campingfolk. I tillegg ligg kommunen kun 1 – 1,5 time frå byen, og det er såleis ikkje så langt å reise for å kome på hytta/i vogna.

Norddal kommune er prega av å være i et område med storslått og unik natur samt et viktig kulturlandskap. 14.juli 2005 vart området Geirangerfjorden ført opp på UNESCO si

verdsarvliste som del av Vestnorsk fjordlandskap. Området er omfatta av eit nasjonalt vernevedtak, og kallast for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Det har et totalareal på 498,0 km². Området omfattar areal knytt til bygdene Tafjord, Norddal og Eidsdal, og område tilhøyrande Fjøråbygda på sørsida av fjorden. I tillegg er delar av sjølve Tafjorden med i vår kommune.

Norrdal kommune er òg del av eit anna verneområde, Reinheimen. Prosessen er ikkje avslutta enno, men Oppland og Møre og Romsdal fylke sine tilrådingar er at det vert etablert ein ny Reinheimen nasjonalpark på ca 1969 km², med seks omkringliggende landskapsvernområder med eit totalareal på ca 622 km². Området omfattar areal i Lesja, Skjåk, Lom, Vågå, Rauma og Norddal. Det er planer for å verne totalt 75 % av Norddal kommune.

2.2 Areal- og landbruksressursar

Det totale arealet i Norddal kommune er på 941,0 km², det vil seie 941 000 dekar. Jordbruksarealet i 2004 utgjer 1,3 % av alt arealet i kommunen, og er såleis under landsgjennomsnittet på 3 %.

JORDBRUKSAREAL I DRIFT OG ANTALL SØKERE TIL PRODUKSJONSTILSKOT PR. 31.07. 2004								
	2004		2003		2002		2001 ²	
	AREAL	ANTALL SØKERE	AREAL	ANTALL SØKERE	AREAL	ANTALL SØKERE	AREAL	ANTALL SØKERE
LANDET	10.255.149	52.786	10.249.144	55.027	10.361.509	58.892	10.311.212	62.282
MØRE OG ROMSDAL	596.692	3.627	595.979	3.784	604.130	4.082	609.116	4.419
NORDDAL	11.939	122	12.098	128	12.678	135	12.600	140

Statistikk for Norddal 2000 – 2004. Alle tal er i dekar.

	Eng- og innmarks-beite	Andre grovfor-vekster/rot vekst	Potet/ grønfor	Grønnsaker friland	Frukt og bær	Sum jordbruks areal
2000	11254	43	119	66	905	12387
2001	11158	66	134	54	965	12377
2002	11277	-	118	36	1045	12476
2003	10665	57	89	33	1083	11927
2004	10563	26	60	29	1032	11710

For å få minst moglege ukorrekte tal har det vore nødvendig å ta vekk ein del oversikter knytta til veksthus og til anna areal. Her var feilkjeldene knytta til tala så store at dei verkar berre forvirrande og ikkje forklarande om dei skulle ha vore med.

Som tala viser så har beitearealet gått ned, medan arealet som vert bruk til frukt og bær dyrking har auka i perioden. Dette er ein trend som har vart heile 90-talet.

Skogressursar

I tiltaksplanen for Norddal kommune 1989/99 går det fram at ein ikkje har pålitelege oppgaver over det totale produktive skogarealet i kommunen. Det er estimert at ein har om lag 50.000 dekar produktiv skogsmark i kommunen. Av dette arealet er 30.000 dekar vurdert til å vere økonomisk drivverdige. Det vert no utarbeidd skogbruksplaner for Norddal kommune. Desse vil truleg verte ferdige i 2006. Ein vil då få ei meir nøyaktig oversikt over skogressursane i kommunen.

I 2004 vart det hogd om lag 1300 m³ tømmer og ved i kommunen. Dette er inkludert eit stipulert kvantum for tømmer og ved til eige bruk. Det vart planta til 42 dekar i 2004. Verdien av avverka tømmer og ved er rekna til om lag 370.000 kr for 2004, inkludert stipulert verdi for virke til eige bruk.

Bonitetsfordelinga er vurdert til å vere om lag slik for dei økonomisk drivverdige skogareala kommunen:

Høg bonitet (H17-H26): 65 %
Middels bonitet (H11-H14): 30 %
Låg bonitet (-H8): 5%

Viltressursar

Hjort

Norrdal kommune har vedtatt ein plan for hjorteforvaltning. Denne vart vedtatt av Norddal viltnemnd 25.11.04.

Minstearealet for hjortejakt er gjennom forskrift fastsett til 1000 da. i Norddal kommune.

Teljande areal for hjort i Norddal kommune er 341923 dekar, som er fordelt på 47 vald.

Det minste er på 1000 dekar og det største er på 45636 dekar. Det største valdet har godkjent bestandsplan. Valda fekk i 2005 løyve til felling av 123 eldre hanndyr, 121 eldre hodyr, 61 kalv og 80 frie dyr, i alt 385 fellingsløyver. Dei frie løyva er bestandsplanområdet.

Tabellen syner fellinga i 2004.

2004	Kalv (½ år)	1 ½ år	2 ½ år og eldre	I alt
Hanndyr	16	24	48	88
Hodyr	16	24	43	83
I alt	32	48	91	171

Utifrå registrering av slakteveker vert dette 10373,6 kg kjøtt.

Verdien av stipulert kjøttverdi er av viltnemnda oppgitt til å vere kr 724.800.

Inntekta til det kommunale viltfondet er kr 60.000.

Rådyr

Minstearealet er gjennom forskrift fastsett til 700 da. i Norddal kommune.

Teljande areal for rådyr i Norddal kommune er 211172 dekar som er fordelt på 35 vald. Det minste er på 1000 dekar og det største er på 17100 dekar. Valda fekk i 2005 tildelt 182 fellingsløyve for rådyr. Det er lite felling av rådyr i Norddal kommune med om lag 15-20 felte dyr i året. I 2004 var det 14 felte rådyr.

Villrein

Villreinstamma er no på 2800 "vinterdyr", fordelt med ca 2125 på nordområdet og ca 675 dyr på sør- og vestområda. Norddal kommune hadde i 2005 ein kvote på 52 villrein, som i hovudsak vart jakta på i Skjåk. Reinen brukar områda i Norddal noko sporadisk, og då i hovudsak områda sør for Reindalen mot Skjåk. Forvaltninga av villreinen gjerast av Ottadalen Villreinutvalg, ein grunneigarorganisasjon, og Ottadalen villreinnemnd, som er det offentlege sitt organ.

Rovdyr

Vi har i mange år hatt jerv i Norddal kommune. Så langt er det ikkje dokumentert at jerven har yngla i kommunen, og de nærmeste kjende hiplassane ligg i Ulvådalen/Vermedalen og over i Skjåk kommune. Det er heller ikkje planlagt at Norddal skal vere eit område der jerven og noko anna rovdyr ynglar. Men med dei store areala som jerven nyttar er det ikkje usannsynlig at dei jervane som er i Norddal soknar til dei nemde hiområda

Gaupe eller gaupespor vert av og til òg sett i kommunen, og sist det var dokumentert skade forårsaka av gaupe var i 2002.


Det ein meiner å kjenne til om forholdet mellom jerv og villrein i Norddal kommune, er at jerven tek ein og annan rein i dårleg kondisjon eller når vêt og føreforholda er på jerven si side. Jerven kan forsyne seg grovt av simler/kalvar i fostringsflokkane/simleflokkane i kalvingstida og når reinskalkvane er små. Effektar ut over dette har ein ikkje vore i stand til å påvise. Kongeørna forsyner seg òg av reinskalkvar i kalvingstida og når kalkvane er små. Vi har ein relativt stor lokal bestand av kongeørn i Norddal kommune.

I Norddal kommune fekk ein i 2002 erstatning for 13 sauer/lam som gaupa sannsynlegvis hadde tatt. Jerven har vore meir aktiv i vårt området, og ein har fått erstatning for 10 sauer/lam i 2002, 9 i 2003, 24 i 2004 og heile 57 i 2005. I kroner utgjer dette kr 26.193 i 2002, kr 8.803 i 2003, kr 58.688 i 2004 og kr 76.961 i 2005.


Innlandsfisk


Fylket si Areal- og miljøvernavingdeling innhentar opplysningar om fiske av laks og sjøaure i Eidsdalselva, Norddalselva, og Valldøla. Statistikken viser store skilnader frå år til år. Blant anna i Eidsdalselva vart det registrert fiske av 336 sjøaure i 2000, og kun 68 i 2005. Alle elvene, inkludert Tafjordelva vart rotenonbehandla på slutten av 90-talet. Det vart sett ut yngel av laks i Eidsdalselva, Norddalselva og Valldøla etter at dei hadde vore behandla.

Statistikk Eidsdalselva



Statistikk Norddalselva





Store delar av Tafjordvassdraget er påverka av kraftreguleringa i form av oppdemming, senking, eller overføring. Dette har effekt for dei naturlege organismane i området. Tafjord kraft har ansvaret for fiskebestanden i området. Dei bestilte i 2004 ei økologisk status undersøkjing av fiskebestanden i 15 vatn. Alle vatna i området er relativt næringsfattige, og produksjonssesongen kan variere frå år til år som følgje av eit tøft klima. Den einaste fiskearten i vatna var aure.

2.3 Bruksstruktur og sysselsetting

Nasjonalt har landbruket halvert brukstal, fått dobbelt så store driftseiningar, 70-80 prosent færre husdyrprodusentar og større buskapar frå 1969 til 1999. Den generelle trenden nasjonalt er færre, men større bruk. Frå 2004 til 2005 var det ein nedgong på 3 prosent nasjonalt i antal søkjarar på produksjonstilskott.

I 2004 var det registrert 122 driftseiningar i Norddal kommune som mottok produksjonstilskot. Tilsvarende tal for 2001 var 140. Dette tilsvarar ein nedgong på nesten 13 prosent i løpet av tre år. Her må det nemnast at 01.01.02 kom det eit krav at for å få produksjonstilskot, og då verte registrert som ei driftseining, måtte ein minimum ha ein omsetnad på kr 30.000. Denne endringa har bidrege til at dei minste bruka ikkje lenger får produksjonstilskot, og nedgongen kan difor vere prega av dette. Frå 1989 til 1999 var det ein nedgong på nesten 15 prosent i talet på driftseiningar. Det har vorte færre av dei minste bruka i kommunen, noko som føl den nasjonale trenden.

Frå 1989 til 1999 auka andelen av jord som vart leigd med 578 dekar, noko som viser at i 1999 var 27.5 prosent av jordbruksarealet i drift leigebreal. Dette har samanheng med at dei større bruka leiger areal på dei bruka som vert nedlagt.

I Norddal har ein tre samdrifter, to knytta til melkeproduksjon i Norddal og Valldal og ei knytta til sau i Fjørå. Det er òg ei samdrift i Herdalen på geit om sommaren.

I perioden 1989 til 1999 har bonden hatt ein gjennomsnittalder på rundt 47-48 år, med ei endring på 0.5 år. I løpet av same periode har antal bønder minka frå 186 til 158, dvs med 15 prosent. I perioden har antal kvinnelege brukarar gått frå 143 til 138, dvs ein reduksjon på 3,4 prosent.

2.4 Produksjonsomfang i tradisjonelt landbruk

ANTALL DEKAR OG SØKERE MED DEI ULIKE VEKSTGRUPPENE 31.7. 2004										
	GROVFÖR		KORN		POTET		GRØNNSAKER		FRUKT OG BÆR	
	ANTALL DEKAR	ANTALL SØKERE	ANTALL DEKAR	ANTALL SØKERE	ANTALL DEKAR	ANTALL SØKERE	ANTALL DEKAR	ANTALL SØKERE	ANTALL DEKAR	ANTALL SØKERE
MØRE OG ROMSDAL	569356	3445	22267	235	2327	213	394	45	1601	93
NORDDAL	10589	95	0	0	60	23	29	6	1032	44

Dette viser at Norddal har størsteparten av Møre og Romsdal sin produksjon av frukt og bær, dvs 64, 5 prosent i 2004. Det er ingen i kommunen som driv med korn.

Husdyrhald 2000 - 2004

	Mjølkekyr	Vinterfora/ Vaksne sau	Mjølkegeit/ Vaksne geit	Avlspurker	Slaktegris	Høner
2000	605	2502	1174	134	529	892
2001	581	2500	1110	112	510	320
2002	609	2165	1059	114	531	908
2003	541	2129	946	105	684	902
2004	536	1697*	915	118	576	917

*) Kriteriet for sau er endra frå vinterfora sau til vaksne sauer frå og med 2004.

Slaktemengde i Norddal kommune 2002 - 2004 i tonn			
	2002	2003	2004
Storfe/kalv	88,32	123,8	103,2
Gris	70,22	119,8	103,8
Sau/lam	67,99	58,12	51,14

Antal liter levert mjølk 2002 - 2004			
	2002	2003	2004
Kumjølk	3224522	2968946	2933348
Geitemjølk	464930	433729	462355
Totalt	3689452	3402675	3395703

Frukt og bær

Frukt- og bærproduksjonen i Norddal kommune har lange tradisjonar. Fruktdyrkinga er hovudsakleg lokalisert på Linge. Det er dei klimatiske forholda som har vore grunnlaget for både frukt og bærproduksjonen. Til dømes er varmesummen på Linge i vekstsesongen på høgd med fruktbygdene i Hardanger og Sogn.

Frukt og bær	2002	2003	2004
	Kg	Kg	Kg
Eple	19341	17229	18976
Pære	8174	4066	4606
Plomme	14369	8354	15146
Bringebær	21020	27495	20170
Jordbær	885183	354366	758162
Moreller	4896	3348	9160

Frukt

Fruktproduksjonen har vore med på å forme eit unikt kulturlandskap på Linge, og dei klimatiske tilhøva gjer at fruktproduksjonen ikkje kan skje på andre areal. Dette gjer landbruksjorda på Linge svært verdfull. I dag er jorda her under press frå hytteutbygging. Produsentmiljøet er lite, og utviklinga for fruktproduksjonen er avhengig av kompetansen blant fruktdyrkarane. Her spelar Indre Sunnmøre forsøksring i dag ei viktig rolle. To av gardane på Linge driv økologisk fruktproduksjon, i tillegg driv ein gard på Lingeåsen med økologisk produksjon av frukt.

Somme av fruktprodusentane på Linge er knytte til Valldal Grønt AS andre til Innvik Fruktlager. Ein veksande turistmarknad gjer også at fruktproduksjonen kan ha god lønsemd i åra som kjem. Fruktmiljøet er lite i høve til lokalmarknaden, og nesten all fruktproduksjon i Norddal kommune går til Ålesund.

Bær

Norrdal kommune har eit stort og livskraftig miljø av bærprodusentar, der jordbærproduksjonen utgjer hovudtyngda, men med eit solid innslag av bringebærproduksjon. Stordelen av jordbærproduksjonen går føre seg i Valldal, mens vi har bringebærprodusentar på begge sidene av fjorden. Innfrysingsanlegget til Valldal Grønt AS, tidlegare Gartnerhallen, har vore sentral for å halde ved lag og utvikle eit så robust bærmiljø, som i all hovudsak har produsert for konserverindustrien. Dei siste åra har over 50 prosent av jordbæra til konserverindustrien komme frå Norddal kommune.

Eit vesentleg vilkår for denne produksjonen er RÅK-ordninga (råvarepriskompensasjon), som har sikra næringsmiddelverksemders norsk bær til prisar som kan konkurrere med bær frå utanlandske produsentar. Så lenge denne ordninga står ved lag, har bærproduksjonen, og særleg jordbærproduksjonen, gode utsikter. Konserverindustrien får ikkje så mykje norsk jordbær som han ønskjer, og det er framleis rom for å auke arealet for dyrking av jordbær til næringsmiddelindustrien. RÅK-ordninga gjer også produksjonen av jordbær og bringebær svært sårbar. Mellom anna er utfallet av WTO-forhandlingane viktige for kva som skjer med

RÅK-ordninga i framtida. Dersom RÅK-ordninga fell bort, kan det få store og alvorlege konsekvensar for eit stort og viktig produsentmiljø i Norddal kommune.

Valldal Grønt AS har gjennom dotterselskapet Valldal Bær AS prøvd å leggje ein strategi for å kunne auke produksjonen av konsumbær, og bæra går særleg til lokalmarknaden på Sunnmøre. Denne marknaden kjem til å bli viktigare i åra som kjem.

Det er drive intensiv dyrking gjennom mange år av jordbær på delar av jordbruksareala som eignar seg til denne produksjonen, og mangel på vekstskifte er allereie eit problem på noko av jorda. Derfor er jordbærproduksjonen avhengig av lønsemda i andre produksjonar innafor landbruket.

Økologisk drift

Det er totalt fem som no får arealtilskot til økologisk, og ein som heldt på å leggje om. I Norddal er det registrert to bruk pr 01.01.04 som driv økologisk dyrehold, ein som heldt på å leggje om til økologisk dyrehold. Resten er knytta til frukt og bær. Av totalt 122 bruk vert dette 4 % som driv økologisk.

Veksthus

Det er pr desember 2005 tre kulturar veksthusproduksjonar i Norddal kommune, der det vert produsert snittroser, agurk og potteplantar. Alle tre bedriftene er vesentlege aktørar for sin produksjon i Møre og Romsdal, og sysselset til saman 8 personar på heiltid i tillegg til sesonghjelp. I 2005 var omsetjinga til saman kr 5,5 mill. kroner eksklusiv mva.

2.5 Tilleggsnæringar

Definisjonen på tilleggsnæringar som er brukt her er knytta til BU-forskrifta sin vide definisjon. Tilleggsnæringar dannar grunnlag for langsiktig, lønnsam verdiskaping og desentralisert busetnad med utgangspunkt i landbrukets ressursar generelt og landbrukseigedommen spesielt.

Det er mange som bruker landbrukseigedommane sine til campingplassar, ofte med hytteutleie i tillegg. Totalt er det rundt 14 campingplassar av ulike storleik og karakter i hele kommunen. Det er ca 800 campingvogner som står her på heilårsbasis, men som oftast vert brukt i perioden mai til september. Kommunen marknadsfører seg med å ha mange hyttetomter til sals/feste i prosjektet "Hytter til tusen". Dette kan vere ei tilleggsnæring for landbruket. Det er mange hyttefelt, til saman 35. Men ikkje alle er regulert til hyttefelt ennå. Arbeidet med ein å utarbeide ein felles strategi for å marknadsføre seg som ein fritidskommune har ikkje lukkast, og har lagt brakk dei siste to åra.

Samvirket Valldal Grønt AS er eigd av bøndene i kommunen, og tek imot bær og vidareformidlar dette til ulike kundar. Det nydanna selskapet Valldal Bær AS arbeidar for å behalde meir av foredlingsverdien knytta til jordbæra i kommunen med ei satsing på singelfrosne bær til matvarebutikkane. Dette er ei knoppskyting innan landbruket med den hensikt å vidare styrke den solide posisjonen bær har her i kommunen.

I 2004 i bygda Norddal har 13 småbedrifter etablert eit næringsssamarbeid som dei kallar Happy End. Bedriftene er i stor grad knytta til landbruket via mat, kultur, opplevingar og natur.

I tillegg er det mange ulike næringar knytta til landbruket:

Ein kan nemne restaurant/kafedrift, servicebedrift knytta til hyttebebuarar, sagbruk, bygdeservice, snekker verksemder, og opplevelsesfirma knytta til ekstremспорт og naturopplevingar.

I tillegg finst det bedrifter som får BU-støtte, men som ikkje direkte er knytta til landbruket. Som til dømes fleire kunnskapsbedrifter.

2.6 Kulturlandskap

Hovudårsaka til at området vårt kom på Verdsarvlista, er dei framståande geologiske verdiane og det unike vakre landskapet som vert rekna som verdifull i ein verdssamanheng.

Verdsarvstatusen betyr eit ekstra kvalitetsstempel på området og ein eksklusiv internasjonal status. Ein av grunnane til at området fekk Verdsarvstatus, er knytta til det dramatiske natur- og kulturlandskapet der gardsbruk og stølar bidreg til å auke den samla verdien av området.

Kulturlandskapet er svært viktig for den lokale identiteten, og har stor innverknad for innbyggjarane og for dei som besøker området. Norddal kommune er som resten av landet prega av gjengroing av kulturlandskapet, som eit resultat av mindre beiting og slått. Frå gammalt av hadde gardane stølar i aktiv bruk. I dag er mange berre ruinar som så vidt syner i terrenget, medan andre framstår som hytteområde der både bruk og byggeskikk i varierende grad ber preg av historiske røter.

Landbruket er den viktigaste skaparen av kulturlandskapet i bygda. Dette er bøndene klar over, og innanfor næringa er det også fleire ordningar som skal sikre og støtte opp under bøndene sitt arbeid med å halde kulturlandskapet i hevd.

2.7 Landbruket sine lokale organisasjonar

Viktige organisasjonar for næringa er:

Valldal Bondelag
Eidsdal og Norddal Bondelag
Norddal bonde- og småbrukarlag
Norddal Skogeigarlag
Valldal Bygdekvinnelag
Eidsdal Bygdekvinnelag
Norddal Bygdekvinnelag
Norddal/Eidsdal Sau og Geit
Valldal/Fjørå Sau og Geit
Eidsdal Elveeigarlag
Valldal Elveeigarlag
Norddal Elveeigarlag
Tafjord Elveeigarlag
Valldal Bærdyrkarlag
Indre Sunnmøre forsøksring (regional)
Storfjord Landbrukstenester (regional)

Dei aller fleste bøndene i kommunen er medlem i eitt eller fleire av desse laga.

2.8 Kommunen som landbruksmyndigheit

Kommunen er lokal landbruksmyndigheit. Næringsavdelinga er ansvarleg for landbrukssaker. Avdelinga arbeidar blant anna med rettleiing, planlegging og søknadshandsaming innanfor fagområda bygdeutvikling, arealforvaltning, tilskotsforvaltning og miljø- og ressursforvaltning i

jord- og skogbruk. Kontoret har ansvar for sakshandsaming etter m.a. jordlova, skogbrukslova, odelslov og konsesjonslov. Næringsavdelinga har eit nært fagleg samarbeid med landbruksavdelinga i fylkesadministrasjonen og Innovasjon Norge. Avdelinga har frå 01.01.2005 følgjande bemanning: 100% nærings sjef, 50% næringskonsulent, 25% skogbrukssjef, og 10 % viltsekretær. I tillegg nyttar ein ressursar på servicekontoret til blant anna registrering av produksjonstilskot. Skogbrukssjefen er delt mellom Norddal, Stranda og Sykkylven.

3.0 Målsettingar for landbruket

3.1 Nasjonale og internasjonale mål

Norsk landbruk skal bidra til å nå viktige mål som trygg matproduksjon og matforsyning, stabil busetnad i distrikta, berekraftig ressursforvaltning, levande kulturlandskap, og verdiskaping som kan bidra til å oppretthalde sysselsetting i bygdene. Norsk landbruk står for meir enn kun matproduksjon, og skal utføre samfunnsnyttige oppgåver til fellesskapets beste; eit multifunksjonelt landbruk. Dette er dei nasjonale måla og verdiane knytta til landbruk.

Norsk landbruk står overfor store utfordringar på grunn av store endringar i nasjonale og internasjonale rammebetingelsar dei siste åra.

Det er enno uklart kva som vert resultatet av WTO forhandlingsrunden, Doha-runden, som skal sluttforhandlast våren 2006. Sommaren 2004 vart ein einig om ein rammeavtale som skulle leggje føringar for dei vidare forhandlingane. Rammeavtalen viser at landbruket går mot liberalisering og reduksjon av støtteordningar, noko som òg er ei vidareføring av tidlegare avtalar. I hovudsak er det tre områder rammeavtalen regulerer. Det er intern støtte, eksportstøtte, og marknadstilgong. Med internstøtte meinast ulike nasjonale støtteordningar som verkar handelsvridane og beskyttande på ein nasjonalt marknad. Her inngår ulike element, blant anna skjermings-, pris- og budsjettstøtter. Støtta vert kvalifisert i tre ulike boksar, der gul og til dels blå boks er handelsvridande og skal reduserast. Utviklinga av Regionalt Miljøprogram er ei av tilpassingane til WTO, der denne støtta kan reknast å vere i grøn boks.

Med eksportstøtte meinast subsidier på jordbruksvarer med den hensikt å selgje dei på ein internasjonalt marknad. Slik støtte skal reduserast, med sikte på å gradvis avskaffe dei. Med marknadstilgong meinast at tollsatsar skal reduserast, og dei land med høgast toll på import skal redusere mest. Her er det gitt signal om at enkelte produkt definert som sensitive kan behalde toll på konkurrerande varer.

Norske landbruksprodukt har vore skjerma i stor grad frå utanlandsk konkurranse, gjennom ulike ordningar. Signala no er at landbrukspolitikken må utformast og endrast med sikte på å redusere produksjonskostnader og overføringar til landbruket. Regjeringa arbeidar for at WTO-avtalen vil kunne gje rom for norsk landbruk, til dømes knytta til å definere produkt som sensitive. Næringa må likevel finne nye måtar å skape verdiar og tene pengar på.

Verdiskaping må skje gjennom kostnadsreduksjonar i det tradisjonelle volumproduksjonslandbruket og/eller gjennom nyskaping av andre produkt og tenester. Likevel er det ynskjeleg at det skal vere rom for familiebruket seier den nye raud/grøne regjeringa. Måla for norsk landbruk var tidlegare retta mot volumproduksjon. Måla er no meir forbrukarretta enn dei var tidlegare.

Det er ei kjensle innan landbruket at dersom det er nasjonal politisk vilje for norsk landbruk, så er det òg rom for norsk landbruk.

Landbruks- og matdepartementet legg opp ulike strategiar for næringsutvikling i landbruket og dei definerar næringsutvikling i landbruket slik: nyskaping, marknadsretting og betre lønnsemd i produksjon av landbruksbaserte varer og tenester, for å utvikle et landbruk som tek i bruk nye marknadsmuligheiter. Regjeringa ynskjer å vidareføre ein aktiv politikk retta mot utviklinga av nye næringar i og i tilknytning til landbruket. De tenesteytande næringane er i vekst, og det ligger framleis et stort potensiale for landbruket i å dra nytte av denne veksten. Ei aktiv utnytting og vidareforedling av lokale ressursar og fortrinn vil bli stadig viktigare for å oppretthalde busetnadsmønsteret. Regjeringa ynskjer framleis å legge til rette for, og støtte opp under, entreprenørskap i næringa og bidra til lønnsam næringsutvikling på bygdene.

Ein viktig del av landbrukspolitikken og den generelle regional- og distriktpolitikken er bygdeutvikling, med bygdeutviklingsmidlane (BU) som sentrale verkemidlar. Tiltaket Landbruk Pluss er eit konsept som integrerer verkemidlar, som BU-midlane, med måla i landbrukspolitikken. Med dette konseptet vil regjeringa arbeide for å oppretthalde et desentralisert landbruk med variert bruksstruktur der importvernet sikrar norsk landbruksproduksjon på viktige områder. Strategien er å legge til rette for ein lokalt tilpassa politikk for busetnad og næringsutvikling. Dette skal skje gjennom økt overføring av myndigheit til regionalt og lokalt nivå for landbrukspolitisk ansvar og styring. Dei lokale landbruks- og næringskontora og politikarane får no meir delegert makt til å avgjere i blant anna enkeltsaker og utviklinga av landbruket i egen kommune.

For å utvikle landbruket er det oppretta verdiskapingsprogram innan blant anna mat og trevirke. I tillegg til dette finnes det støtteordninga retta mot skog, utmark, bioenergi, reiseliv, økologisk landbruk og annen bygdeutvikling. Regjeringa ynskjer å sjå disse satsingane meir i samanheng gjennom etablering av ein felles, nasjonal strategi for næringsutvikling og ei sterkare samordning av innsatsen.

3.2 Regionale mål

I alle fylke utarbeidar fylkeskommunen eit dokument som kallast Regionalt utviklingsprogram (RUP). Dette er eit fireårig strategisk program under Fylkesplanen, og er ei konkretisering av innsatsområdet Verdiskaping i Fylkesplanen. RUP'en for Møre og Romsdal har strategisk plan for 2005- 2008, og det vert utarbeida årlege handlingsprogram. RUP'en har etter ein omfattande prosess kome fram til fem hovudsatsingsområder for Møre og Romsdal: Nyskaping, kompetansebasert industriell vekst, livskvalitet som næring, energi, attraktive arbeids- og bu- og service (ABS) regionar. Det som er knytta direkte til landbruk innanfor desse strategiane er i hovudsak livskvalitet som næring, som har tre underpunkt: 1. Reiselivsutvikling, med fleire og betre reiselivsprodukt, betre tilgjenge, betre lønnsemd og høgare kunnskapsnivå. 2. Kultur- og opplevingstenester, med verdiskaping på grunnlag av vidareutvikla tenester og "nye næringar". 3. Omstilling og nyskaping i landbruket, med eit meir allsidig og robust næringsliv, aktive bygdesamfunn, trivelege bygder og attraktive reisemål.

På fylkesnivå er det fylket si landbruksavdeling og Innovasjon Noreg som forvaltar BU-midlane, der Innovasjon Noreg har ansvaret for den bedriftsretta delen av arbeidet. Tidlegare var det ikkje så sterke krav til lønnsemd når tiltak vart vurdert, men no stilles det strengare krav til forventna lønnsemd til dei tiltak som får støtta gjennom Innovasjon Noreg.

I Bygdeutviklingsstrategien for Møre og Romsdal vert det blant anna lagt særleg vekt på at fylket skal behalde sin andel av mjølkeproduksjon, og auke der det er rom for det. Dei sterke miljøa på frukt, bær og grønsaker skal bevarast og styrkast. BU-midlane skal stimulere til ny aktivitet innan verdiskaping i tilleggsnæringar. BU-midlane skal bidra til å utvikle eit robust

og omstillingsdyktig landbruksrealtert næringsliv, der prosjekta ein går inn i skal vere bedriftsøkonomisk og samfunnsmessig lønsame.

3.3 Norddal kommune sine mål

Norrdal kommune må naturlegvis arbeide innan dei internasjonale, nasjonale og regionale måla og rammene for landbruk, samt dei mål og rammer som kommuneplanen skisserer. I tillegg er det ynskjeleg å presisere at ein set seg sine eigne mål for arbeidet med landbruk.

Norrdal kommune skal:

- satse på landbruk, og gjere dette på ein tydeleg måte i alle politiske vedtak.
- oppretthalde og auke produksjonsvolumet jamfør tala for 2004 i statusdelen.
- vere eit ope samfunn, med eit aktivt og positivt miljø for landbruk der det er lov å dele informasjon og prøve og feile. Det skal vere rom for nye og tradisjonelle næringar, og alle som ynskjer å drive med landbruk skal verte ynskt velkommen. Dette skal synleggjerast i måten folk snakkar og marknadsfører landbruket på.
- arbeide for aktive nettverk og samarbeid mellom gardbrukarar og dei ulike organisasjonane i tilknytning til landbruksnæringa.
- ta ut dei mulighetene og potensiale som finst i kommunen og i tilknytning til landbruket og garden, og særskilt knytt til frukt og bærproduksjon samt tilleggsnæringar.
- oppretthalde og auke dagens nivå på jordbruksarealet på 1,3 %, samt sikre jordbruksarealet og kulturlandskapet ved å drive aktivt landbruk.
- i samarbeid med næringa gjennomføre tiltak retta mot ungdom/rekruttering.
- legg vekt på å auke og formidle kunnskap og auke kompetansen til nye og etablerte gardbrukarar.
- arbeide for å utnytte dei økonomiske og kompetansehevande verkemidla i landbruket på ein til ei kvar tid best mogleg måte, innan tradisjonelt landbruk og tilleggsnæringar.
- auke verdiskapinga i skogbruket.

4.0 utfordringar innan landbruket

4.1 Generelle utfordringar

Dei rammene som vert sett for landbruket i den internasjonale, nasjonale og regionale landbrukspolitikken vil vere avgjerande for korleis næringa skal utvikle seg i kommunen. Desse rammene er under endring, og i seinare tider har vi sett ei utvikling der endringstakten aukar. Det vert større krav til kva kompetanse bonden skal ha for å kunne drive økonomisk og miljømessig forsvarleg. Det er viktig å vite kva utfordringar ein i Norddal kommune kan og vil kome ut for. Dette vil gi forvaltninga og næringa signal om korleis ein skal tilpasse seg til beste for seg sjølv, og kanskje også gi signal til lokalsamfunnet om moglege tiltak for å

påverke utviklinga. Ei utfordring for veksthusnæringa er sikring av sikker og konkurransedyktig straumforsyning i fylket, sidan straum og nettleige er ein av dei største utgiftspostane i veksthusproduksjon.

4.2 Jordvern/arealbruk

Dyrka og dyrkbar jord er ein grunnleggande ressurs for å sikre matforsyninga både på kort og lang sikt. Under 3 % av arealet i Noreg er dyrka jord. Til samanlikning er det i Sverige 7 % og i Danmark 56 % av arealet dyrka mark. Av desse 3 % er ca. 1/3 eigna til matkornproduksjon. Sjølvforsyningsgraden vår er liten samanlikna med andre land. Regjeringa ynskjer ein styrka og samla strategi for å ta vare på viktige kulturlandskap og å verne om dyrka og dyrkbar jord. Målet er å halvere årlig omdisponering av verdifulle jordbruksareala innan 2010, og å setje i verk kartlegging og forvaltning av de mest verdifulle kulturlandskapa innan 2010.

Over 1 million dekar dyrka og dyrkbar jord er omdisponert i Noreg dei siste 50 åra. Berre dei siste åra er ca 20.000 dekar årleg omdisponert til andre formål enn landbruk. Fortset denne utviklinga vil nesten halvparten av våre mest verdifulle areal for matproduksjon vere vekke om 50 år.

Det har kome eit nasjonalt initiativ knytta til registrering og prioritering av viktige områder for landbruk og kulturlandskap. Her ynskjer ein å setje fokus på dei knappe areala Noreg har til landbruk, og verne om dei på best moglege måte.

Skal landbruket i Norddal halde oppe og gjerne auke matproduksjonen, gje ringverknader gjennom auka lokal foredling og omsetnad, og sikre busetnad i alle delar av kommunen, må dei produktive areala skjermast mot nedbygging. Dette gjeld både dyrka areal, og utmark med høg produksjonsevne og avgjerande verdi for husdyrhaldet. Utfordringa er å auke landbruket sitt produksjonsareal ved å utvide det fulldyrka arealet og gje utmarksareal større verdi gjennom medviten skjøtsel. Ein må vurdere kva jordvernpolitikk ein skal føre. Produktive areal må haldast i hevd, og innsatsen for å halde kulturlandskap og biologisk mangfald vedlike må stimulerast.

Generelt er det ikkje stort press på dyrka mark til utbyggingsføremål i Norddal, men ein del høgproduktive og lett drivne areal ved bygdesentra er utsett. Mest muleg av desse areala bør sikrast for framtidig matproduksjon. Avvikling eller redusert drift fører i aukande grad til at dyrka mark blir halde dårleg i hevd og vert liggjande brakk. Lovverk og andre tiltak må nyttast slik at slike produktive areal blir haldne i stand og om naudsynt brukt av andre driftseiningar. Både for landbruket og for forvaltninga er det behov for langsiktige retningslinjer for arealbruken i kommunen. Næringa sjølv signaliserer eit behov for mykje lengre tidshorisont enn kommunal arealplanlegging etter Plan og bygningsloven kan gje.

Stølsområda representerer historiske verdiar som det er stor aksept for at det er viktig å ta vare på. Dette gjer at byggjesaker på stølar bør vurderast spesielt. Utan ei bevisst haldning til desse verdiane er det fort gjort at dei vert forringa eller går tapt. I dag ligg det ikkje føre spesielle retningslinjer som dekker heile kommunen for bygg på stølsområder.

Økologisk drift er også eit prioritert felt frå sentralt hald. Det er eit mål om at 15 % av alle bruk skal vere økologisk innan 2015. Her vil utfordringa vere å vidareføre og auke økologisk drift i kommunen.

Å halde i hevd kulturlandskapet i kommunen har store positive ringverknader for reiselivet. Kulturlandskapet må verte eit resultat av aktiv drift. Internasjonale reiselivseksperter meiner at skal ein halde på sitt særpreg i dette Verdsarvområdet, så er ein nøydd til å drive landbruk.

Med dette meinast at kulturlandskapet ikkje er ei kulisse for turistane, men det må vere autentiske, levande bygder.

4.3 Rekruttering

Det er ei utfordring å få dei unge til å ta over gardsbruka. Dei med tilknytning til næringa må vere sær medvitne på å framheve dei positive elementa ved næringa.

Kommunen kan i ikkje uvesentleg grad styre bruksstrukturen gjennom praktiseringa av reglane om buplikt, og ved avgjerd av konsesjonssøknader. Kommunen bør vedta eigne retningslinjer for korleis kommunen vil prioritere i desse sakene.

Mange som har vore gjennom eit generasjonsskifte har ytra ønske om betre rettleiing i denne prosessen. Ei utfordring kan vere å lette informasjonstilgongen i slike situasjonar.

Kjøp eller overtaking av ein landbrukseigedom medfører bu- og driveplikt for den nye eigaren. Dette er heimla både i odels- og konsesjonslova, som også har reglar for fritak. Landbruksdepartementet har utarbeida retningslinjer for praktisering av reglane om bu- og driveplikt. Gjennom lovendringar av nyare dato signaliserer staten m.a. ei strengare praktisering av buplikta.

Kommunen har siste åra lagt seg på ein streng praksis i handheving av buplikt. Det har unntaksvis vore gjeve varig fritak, men regelen har vore at ein gjev mellombels fritak nokre få år, om søkjar har oppgjeve gode grunnar for slikt fritak. Handsaming av søknadar om fritak inneber ei skjønsmessig vurdering. Det er viktig at kommunen har ein klar politikk på dette området. Retningslinjer vil vere eit viktig signal til moglege søkjarar og forenkle sakshandsaminga av søknadar om fritak.

Ei utfordring kan vere å få nok avløyssarar, og mange ser på tilgangen på avløyssar som svært viktig for å kunne drive i landbruket. Her kan ei utfordring vere å få nok ungdom til å interessere seg for denne type arbeid.

4.4 Samarbeids- og kompetansehevande tiltak

Ei utfordring er å utarbeide tiltak for å styrke dei faglege og sosiale nettverka innanfor landbruket, då slike nettverk vert stadig viktigare ettersom det vert færre bønder og høgare krav til auka kompetanse. Ei utfordring vil vere å arrangere ulike typar kurs og kompetansehevingstiltak etter behov og i samarbeid med faglag.

Bonden har opp gjennom tidene representert ein stadbunden ressurs tilgjengeleg for andre næringar etter deira behov. Deltidsbonden har såleis fungert som ein "kapital" gjennom svingande tider. For landbruket er det ei utfordring å styrke andre næringar si forståing av deltidbonden som ressurs.

4.5 Kulturlandskap

Innanfor landbruket vert det frå sentralt hald satsa på tiltak for å bevare kulturlandskapet. Norddal kommune vil arbeide for at eksisterande ordningar bør forsterkast med særlege verkemiddel som er statleg finansierte. I kommunen ser vi at det er mange tiltak som kunne vore realiserte ved hjelp av dei tilskotsordningane som eksisterer, blant anna SMIL-ordninga. Beiting av småfe er viktig for å oppretthalde eit ope kulturlandskap. Ein får stor gevinst ved å beite fleire dyreslag i same område. Det er ei utfordring å auke aktiviteten på dette feltet.

4.6 Tilleggsnæringar og næringsutvikling i verna områder

Det er som tidlegare nemnd planar for å verne totalt 75 % av Norddal kommune. Kva vil dette har å seie for næringsutvikling knytt til landbruket og landbruket sine utmarksressursar? Utfordringa er å ta tak i dei mulighetene som fins i kommunen innan tilleggsnæringar, spesielt retta mot reiseliv. Her kan utmarksressursane spele ei stor rolle. Det vil òg verte ei utfordring å lytte til marknaden, og tilpasse og kvalitetssikre nye og etablerte tilbod til behovet. Utfordringa her kan vere å henge seg på eller lære av dei ulike prosjekta rundt om i landet og lære å ta meir ut av denne ubrukte ressursen.

4.7 Skogbruk

Det er eit kontinuerleg behov for oppdatering med nye kunnskapar for blant anna å gjere skogeigarane meir bevisst på ressursgrunnlage i skogen, samt for å skjømte kultur- og naturskog med sikte på kvalitetsproduksjon av trevirke. Opplæring er også viktig for å stimulere til auka hogstaktivitet i skogen. Det er eit behov for betre samordning av skogsvegbygginga i kommunen for å sikre betre tilkomst til skogressursane. I periodar med liten hogst, kan det vere gunstig å planlege vegstrukturen for å få mest mogleg rasjonelle løysingar. Det er viktig å sjå på mogelegheiter for bruk av lokalt trevirke til bioenergi. Det arbeidast med å utvikle ein skogbruksplan for kommunen.

4.8 Laksefiske

Laksefiske i elvane har hatt mykje å seie som tilleggsnæring. Det er difor svært viktig med kultivering. Kommunen vil fylgje opp driftsplanar for slik kultivering.

5.0 Handlingsdel med konkrete tiltak

Tiltaka under hovudpunkta er i prioritert rekkjefølgje.

5.1 Busetting i kommunen

5.1.1 Tiltak:

I samarbeid med bondelaga skal ein arbeide med å kartleggje ledige gardsbruk. Ein skal nytte Bonde- og småbrukarlaget sin metode og erfaringar i dette arbeidet. Tiltaket er meint å skulle klargjere kva bruk som er ledige og kan seljast, og koble desse med aktuelle nye eigarar. Dette bør sjåast i samanheng med eventuelle andre tiltak, prosjekt, og samarbeidspartar i kommunen.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga i samarbeid med bondeorganisasjonane og andre aktuelle partnerar

Oppstart: 2006

5.1.2 Tiltak:

Det må utarbeidast retningslinjer for kommunen si praktisering av konsesjonslova og bu- og driveplikta på landbrukseigedomar. Dette må sjåast i samanheng med klassifiseringa av landbruksarealet.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga

Oppstart: 2007

5.1.3 Tiltak:

Kommunen bør utarbeide eit system der ein kontinuerlig og lett får oversikten over kven som har utsett buplikt for betre å følgje opp desse sakene.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga

Oppstart: 2007

5.1.4 Tiltak:

Kommunen bør årleg setje at midlar til å støtte kjøp av mjølkekvote. Det skal arbeidast for å fremje eit politisk vedtak der ein går inn for at dette skal innarbeidast i kommunen sine tilskotsordningar.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga

Oppstart: 2007

5.2 Klassifisering og vern av landbruksareal og kulturlandskapet

Klassifisering av landbruket sine areal er viktig for å sikre ei langsiktig og berekraftig forvaltning av det vesle, men fruktbare jordbruksarealet kommunen har.

5.2.1 Tiltak:

Gjennomføre arealklassifisering knytta til landbruksareal. Beiteareal er ein del av dette. Både produksjonsevne/bonitet, lokalisering, kulturlandskapet, biologisk mangfald og situasjonen/bruken i dag, må liggje til grunn for vurderinga. Dette arbeidet skal samkjørast med kommunen sin arealplan.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga og planavdelinga i samarbeid med fagorganisasjonane i kommunen og fylket

Oppstart: 2006

5.2.2 Tiltak:

Dyrka mark bør ikkje disponerast til føremål som gjer areala ueigna til matproduksjon utan at tungtvegande samfunnshensyn krev det som t.d. tomtefelt. Spreidd bustadbygging bør ikkje skje på måtar som kan kome i konflikt med dyrka mark. Norddal ynskjer å bekrefte den nasjonale politikken med omsyn til ei langsiktig og gjennomtenkt forvaltning av landbruksarealet. Dette må reflekterast i kommunale vedtak og samordnast med andre kommunale planar.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga
Oppstart: 2007

5.2.3 Tiltak:

Strategiplan og vedtekter for SMIL-ordninga bør rullerast i nært samarbeid med næringa v/landbruksforumet. Kvart år skal det om ynskjeleg gjennomførast anten eit informasjonsmøte, markvandring, framvising av eksempel eller anna fellesinformasjon om ordninga.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga og fagлага
Oppstart: 2007

5.2.4 Tiltak:

Det skal utarbeidast beitebruksplan som sikrar tilkomst og ressursar for beitebasert matproduksjon, og som i tillegg verkar konfliktdempande. Dette kan vere noko av grunnlaget ved vurdering av nytt utbyggingsareal, spesielt for hytteområde. Planen skal ha med ei vurdering av korleis gjerdehaldet mot utmark fungerer, og moglege tiltak her. Landbruksforumet kan vere ein natureleg representant for næringa i dette arbeidet.

Ansvar: Landbruksforumet
Oppstart: 2007

Tiltak:

Opprette jordbank, med oversikt over "ledig" areal. Det er aktuelt at oversikt over/råd i høve prisar på jordleige, skal vere med som ein del av det heile.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga
Oppstart: Uprioritert i denne omgongen

Tiltak:

Motivere til å opprette grunneigarlag i alle beiteområda i kommunen.

Ansvar: Fagлага og kommunen v/næringsavdelinga
Oppstart: Uprioritert i denne omgongen

5.3 Rekruttering

For å marknadsføre landbruket og auke lysta og nysgjerrigheita til barn og ungdom skal ein aktivt gå ut og arbeide for positive kjensler knytt til landbruket.

5.3.1 Tiltak:

Norddal kommune må minimum ha 100% stillingsressurs som landbruksvikar, som er fleksible nok at den oppfyller hensikta. Informasjon om ordninga må ut til gardbrukarane. Fagлага i samarbeid med Storfjord Landbrukstenester gjer ein innsats for å få gardbrukarar til å abonnere på vikaren eit visst tal dagar pr. år.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga i samarbeid med fagлага og Storfjord
Landbrukstenester

Oppstart: 2006

5.3.2 Tiltak:

Alle 14-åringar skal få tilbod om avløysarkurs; jamfør det som tidlegare er gjort i Skjåk. Aktuelle samarbeidspartar for kommunen er faglaga og Storfjord Landbrukstenester.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga i samarbeid med aktuelle partnerar

Oppstart: 2006

5.3.3 Tiltak:

Gjennom samarbeid med barnehagar og barneskulane skal ein få barn og unge ut på garden og lære om og ta del i ulike aktivitetar knytta til gardsarbeid. Gardsbarnehage kan vere aktuelt. Dette bør sjåast i samanheng med eventuelle andre tiltak, prosjekt, og samarbeidspartar i kommunen.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga og faglaga tek initiativ overfor skulane/barnehagane

Oppstart: 2007

5.3.4 Tiltak:

Ein må utarbeide ein strategi for marknadsføring av landbruket i Norddal. Dette bør sjåast i samanheng med eventuelle andre tiltak, prosjekt, og samarbeidspartar i kommunen. Mange som har vore gjennom eit generasjonsskifte har ytra ønske om betre rettleiing i denne prosessen. Ei utfordring kan vere å lette informasjonstilgongen i slike situasjonar.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga og andre aktuelle samarbeidspartnarar

Oppstart: 2007

5.3.5 Tiltak:

Gardsarbeid som eit tilbod i ungdomsskulen/vidaregåande skule i form av valfag, kurs eller prosjekt. Samarbeid med skulane for å avklare moglegheiter. Dette bør sjåast i samanheng med eventuelle andre tiltak, prosjekt, og samarbeidspartar i kommunen. Aktuelle samarbeidspartar for kommunen er faglaga og Storfjord Landbrukstenester.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga

Oppstart: 2007

5.4 Samarbeid

5.4.1 Tiltak:

Det årlege kommunale tilskotet til forsøksringen bør aukast i åra som kjem. Dette er viktig for det faglege arbeidet forsøksringar utfører for næringa, og for at dei skal kunne auke sin kompetanse på fleire fagfelt slik at alle bøndene i området kan knytte denne forsøksringen.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga.

Oppstart: 2006

5.4.2 Tiltak:

Den kommunale veterinærtenesta skal haldast ved lag.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga.

Oppstart: 2006

5.4.3 Tiltak:

Ein ynskjer aktive nettverk og møteplassar som varar, der ein kan dele informasjon, samarbeide og få motivasjon. Det er ei kjensgjerning at bondeyrket er einsamt, spesielt for dei

som er fulltidsbonde. Det er difor viktig å kome saman og dele erfaringar. Slik samfunnet er i dag med mange krav til kva ein skal bruke tida si på, er det viktig at desse samlingsplassane har eit fagleg innhald i tillegg til det sosiale. Bondelaga i samarbeid skisserer korleis ein skal få til uformelle møteplassar, og om det skal vere ei årleg samling for alle eller delast opp i meir fagspesifikke samlingar. Bondelaga tek initiativ til samlingane, med kommunen som sekretariat.

Ansvar: Bondelaga
Oppstart: 2007

5.4.4 Tiltak:

Samdrift er ein måte for næringa å møte nye krav til effektivitet, ønske om samarbeid med andre bønder og ønske om fritid. Sentrale signal peikar i retning av styrking av samdriftstiltaka. Ein vil auka informasjon om samdrift gjennom å arrangere informasjonsmøter i kommunen med representantar frå blant anna samdrifter, fylket. Aktuelle tema vil vere økonomi, avtalar, praktiske tilhøve, erfaringar, konkrete prosjektskisser; vurdere grendesamdrift med t.d. sau.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga i samarbeid med faglaga.
Oppstart: 2007

5.5 Frukt og bær

5.5.1 Tiltak:

Forsøksringen har spesialkompetanse på frukt og bær, og kommunen må satse vidare på å halde dette miljøet i kommunen, nærast mogleg produsentane. Ein kan tenkje seg tiltak der ein nyttar forsøksringen meir aktivt i å finne nye og fleire næringsvegar for vårt område.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga og forsøksringen
Oppstart: 2006

5.5.2 Tiltak:

Ein må auke fokuset på å hente ut meirverdiar knytta til frukt og bær, slik Valldal Grønt no gjer. Det er viktig at næringsavdelinga syter for å ha nødvendig kompetanse i høve statlege midlar som eventuelt kan nyttast til nyskappingsprosjekt på dette området.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga i samarbeid med Valldal Grønt.
Oppstart: 2006

5.5.3 Tiltak:

Det er viktig å stimulere frukt- og bærmiljøa i kommunen til nyskaping. Her kan blant anna næringsfondet nyttast aktivt til prosjekt som kan auke verdiskapinga for frukt- og bær dyrkarane.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga i samarbeid med faglaga.
Oppstart: 2006

5.5.4 Tiltak:

Jordbyte kan vere aktuelt særleg i høve jordbærproduksjon, ikkje minst om jordbærarealet held fram å auke. Større transportavstandar vil vere ei av fleire utfordringar.

I fyrste omgang gjennomføre enkel registrering av behov/interesse.

Ansvar: Bær dyrkarlaget
Oppstart: 2007

5.6 Næring i verna områder og vidareutvikling av tilleggsnæringar

5.6.1 Tiltak:

Ein må klargjere kva ein faktisk kan gjere av næringsdrift i vårt område som er prega av vern. Her er det i hovudsak knytt til næring innan organiserte naturopplevingar og friluftsliv. Her vil forvaltningsplanane for dei områda som gjeld kommunen vere til stor hjelp. Som eit ledd i dette arbeidet kan mange grunneigarar få synleggjort muligheiter som finst i området.

Dette bør skje i samarbeid med Verdsarvprosjektet.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga

Oppstart: 2006

5.6.2 Tiltak:

Verdiskaping knytt til gardsmat/nisjeproduksjon/foredling/Inn på tunet-aktivitetar er eit aktuelt fokus for tida. Ein skal arbeide for å auke interessa og informere om slike tilleggsnæringar. Dette bør sjåast i samanheng med eventuelle andre tiltak, prosjekt, og samarbeidspartar i kommunen.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga.

Oppstart: 2006

5.6.3 Tiltak:

Ein bør arbeide for å få fram til dømes eit matprodukt som kan vere området sitt kjennemerke eller merkevare. Dette er knytta opp til verdsarv og begrepet geoturisme, det fokuset er på det ekte, der det særeigne er i fokus. Her bør ein samarbeide med til dømes Stranda kommune, Stranda vg. skule, bondelaga, bygdekvinnelaget, samt eventuelle andre prosjekt som kan vere aktuelle.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga

Oppstart: 2006

5.6.4 Tiltak:

Det bør arbeidast for betre utnytting og oppretting av marknadskanalar for sal av landbruksprodukt. Dette bør sjåast i samanheng med eventuelle andre tiltak, prosjekt, og samarbeidspartar i kommunen.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga

Tid: 2007

5.6.5 Tiltak:

Grunneigarane må vere involvert i arbeidet knytt til hyttebygging, og i dei prioriteringane som skjer knytt til strategi, plassering, marknadsføring osv.

Ansvar: Grunneigarar, næringsorganisasjonane i bygdene, kommunen v/næringsavdelinga.

Oppstart: 2007

5.5.6 Tiltak:

Pelsdyrhald med sølvrev og mink er den næringa innan landbruket som siste året har gitt høgaste betaling pr. time. Med moderne driftsformer, tette hallar, vakumgjødsling etc. vil dette vere å sjå på som ordinære driftsbygningar for nærmiljøet. Norddal kommune bør vere positiv til nyetableringar på dette området, og bidra med kompetanse for å styrke eksisterande drift og busetjing.

5.7 Skogbruk og andre utmarksnæringar

5.7.1 Tiltak:

Utarbeiding av skogbruksplanar for eigedomane i Norddal kommune er i gang. Ei eiga styringsgruppe arbeider med prosjektet på vegne av skogeigarane i kommunen. Det er eit mål å få utarbeidd planar for så stor del av kommunen som mogleg. Dette vil vere til stor hjelp for kommunen og skogeigarane.

Ansvar: Styringsgruppe i samarbeid med kommunen v/næringsavdelinga
Oppstart: 2006

5.7.2 Tiltak:

Det er eit behov for betre samordning av skogsvegbygginga i kommunen. Med skogbruksplanar på plass om eit par år, vil det vere enklare å få oversikt over kva for skogressursar som manglar vegløyning. Det bør utarbeidast overordna planer for vegbygginga slik at ein får mest mogleg rasjonelle løysingar.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga
Oppstart: 2006

5.7.3 Tiltak:

Det er eit kontinuerleg behov for oppdatering med nye kunnskapar. Opplæring er viktig for å stimulere til auka aktivitet i skogen. Aktuelle tiltak er skogdagar med ulike tema, opplegg for skuleklassar, kurs, informasjonsmøte, o.a. Viktige kursemne er mellom anna innføring i skogbruk og ressursforvaltning.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga og skogeigarlaga
Oppstart: 2006

5.7.4 Tiltak:

I ei tid då få skogeigarar er aktive i skogbruket, er det viktig å stimulere til auka samarbeid i skogen. Dette kan vere aktuelt både i samband med sluttavverking, tynning, ungskogpleie, planting o.a.

Ansvar: Skogeigarlaga og kommunen v/næringsavdelinga.
Oppstart: 2007

5.7.5 Tiltak:

Bestandsplanprosjektet for hjort er eit landsdekkande prosjekt der staten og grunneigarorganisasjonane har sett som mål å styrke grunneigarane og den lokale viltforvaltninga si rolle i viltforvaltninga. Hjortestamma må forvaltast slik at den ikkje er eit hinder for landbruket. Sentralt mål at forvaltninga av hjorten skal vere driftsplanbasert i løpet av år 2006. Det er viktig at driftsplanane tek omsyn til den økonomiske sida og ikkje berre biologisk forvaltning av ressursane. Dette er knytt til å auke innteninga i landbruket ved blant anna sal av jaktrett og guiding. Lokal utfordring er blant anna å organisere samarbeid i storvald og innføre avskytingsavtalar. Fleire informasjonsmøte er gjennomført. Det vil vere aktuelt å samarbeide med relevante prosjekt.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga og grunneigarar
Oppstart: 2007

5.7.6 Tiltak:

For å gjere tilgangen til fiskevatna enklare for innbyggjarane og betre kunne nytte denne ressursen, bør det vere eit samarbeid om fiskekort over større områder.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga i samarbeid med grunneigarane.

Oppstart: 2007

5.7.7 Tiltak:

Nyoppretting av ei rovviltnemnd. Til no har dette arbeidet lagt under viltnemnda, men ein ser at det er behov for å auke fokuset på effektane av rovdyr i området.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga.

Oppstart: 2007

5.8 Energi

5.8.1 Tiltak:

Det er fokus på småkraftverk for tida. Kommunen må utarbeide ei oversikt over vassdrag som kan vere aktuelle for småkraftverk, og setje opp ein plan for kva vassdrag som kan byggjast ut, og kva vassdrag som bør vernast. Dette må òg sjåas i samanheng med kommunen si satsing på reiseliv og på miljøkvalitetar knytt til dei aktuelle vassdraga.

Ansvar: Kommunen v/planavdelinga og næringsavdelinga

Oppstart: 2006

5.8.2 Tiltak:

Det er stadig sterkt fokus på bioenergi, og bonden som leverandør av ferdig varme frå sentralt hald. Kommunen kan vere med og legge til rette for eventuelle bioenergiprojekt som vert starta.

Ansvar: Kommunen v/skogbrukssjefen

Oppstart: 2007

5.9 Auke økologisk drift

Regjeringa har som mål at 15 % av matproduksjonen i 2015 skal vere økologisk. Ein skal arbeide for auka økologisk drift i kommunen.

5.9.1 Tiltak:

Arrangere informasjonsmøte der ein orienterer om blant anna økonomi, regelverk, førsteråd, erfaringar frå dei som driv økologisk.

Ansvar: Kommunen v/næringsavdelinga i samarbeid med organisasjonane

Oppstart: 2006